

## Informasjon frå Varhaug skule om førebygging av koronaviruset

På Varhaug skule er me nær 600 personar samla dagleg. Me må gjera det me kan for å førebyggja smitte av sjukdomar. Koronaviruset smittar lettare enn vanleg influensa, og vil for personar i risikogrupper utgjera ein fare for liv og helse. Difor tek me dette svært alvorleg. På same tid ønskjer me at skulekvardagen skal gå som vanleg så langt det lar seg gjera.

### VIKTIG:

Det er utruleg viktig at me får beskjed om elevar som er i risikogrupper. Me tek kontakt med heimane viss me får eit utbrot på skulen. Send beskjed om barn i risikograppa til [joml@skule.ha.no](mailto:joml@skule.ha.no), eller ring 51 79 17 00. Sjå oversikt over [risikogrupper](#).

Heimar der medlemmar av husstanden har vore i risikosoner må retta seg etter råd om karantenetid. Elevar skal haldast heime frå skulen i vente på prøveresultat.

### Førebygging:

Skulen og kommunen følgjer Folkehelseinstituttet (FHI) sine rettleiingar.

- Tiltak me gjennomfører i kvardagen:
  - God handhygiene
  - God hostehygiene
  - Fruktservinga utgår for ein periode sidan dette er ei risikokjelde til smitte
  - Vaksne serverer mat i SFO der elevane sjølve ikkje får plukka

I tillegg vil me utsetja eller avlysa alle arrangement med store folkemengder:

- korslaget for alle 7. trinn i Hå torsdag 12.03
- foreldremøta på alle trinn
- personalmøte for alle tilsette
- planlagde utviklingsmøter for personalet
- planlagde sosiale tilstellingar for personalet

### Ved påvist smitte:

Skulen informerer heimane ved hjelp av e-post.

Ved stort sjukefråvær hos dei tilsette må SFO og skulen organisera dagen slik at fleire grupper/klasser blir slått saman. Dersom sjukefråværet blir så stort at det blir umogleg å driva undervisning i skulen, kan det vera aktuelt å avlysa undervisninga og heller føra tilsyn av elevane.

**Postadresse:**

Eikevegen 5,  
4360 VARHAUG

**Kontaktadresse:**

Eikevegen 5,  
4360 VARHAUG

**Telefon:**

51791700

**Heimeside:**

[www.ha.no/var](http://www.ha.no/var)

**Organisasjonsnr:**

964969590



Det skjer endringar frå dag til dag. Følg med på:

[Hå kommune sin nettstad](#)

[Folkehelseinstituttet](#)

Helsing

Johan Omland